



Sogn og Fjordane Ungdomslag søker rådgjevar i tidsavgrensa engasjement.

Stillinga er tidsavgrensa til seks månader, med moglegheit for forlenging. Oppstart etter avtale. Stillingsprosenten er 100 %

Engasjementet inneber:

- Oppfølging av Huset i bygda med mål om å styrke dei organisasjonseigde kulturbygga i Vestland fylke. Dette vil utgjere 50 % av stillinga.
- Kontakt, rådgjeving og informasjonsarbeid ovanfor lokale ungdomslag i Sogn og Fjordane Ungdomslag, samt administrative oppgåver for fylkeslaget. Dette vil utgjere 50 % av stillinga.

Om Huset i bygda:

Huset i bygda starta som eit prosjekt i Sogn og Fjordane Ungdomslag i 2010 og er no eit fast satsingsområde i fylkeslaget. For meir informasjon, sjå i øvste menyen "Om oss".

Om Sogn og Fjordane Ungdomslag:

Sogn og Fjordane Ungdomslag er fylkeslag for rundt 30 lokale ungdomslag med om lag 1.000 medlemmer, og har som mål å tilby kurs, samlingar og oppfølging av dei lokale ungdomslaga.

Sentrale arbeidsoppgåver:

- Gjennomføre kommunevise samlingar for huseigarar for auka kompetanse, erfaringsdeling og nettverksbygging.
- Gjere kulturbygga meir synlege og drive informasjonsarbeid.
- Samarbeide med Noregs Ungdomslag og «Huset i bygda» i andre fylke.
- Samle opplysningar om dei organisasjonseigde kulturbygga i fylket til ein nasjonal husdatabase
- Kontakt med og informasjonsarbeid til dei lokale ungdomslaga i fylket.
- Administrative oppgåver for fylkeslaget.
- Søkje ekstern finansiering, og ha kontakt med og rapportere til tilskotsgjevarar.
- Bygge nettverk med sentrale samarbeidspartar.

Om engasjementet:

- Noregs Ungdomslag sentralt er arbeidsgjevar.
- Styret i Sogn og Fjordane Ungdomslag og vil vere med å definere ansvar og oppgåver.
- Administrasjonsspråket til Noregs Ungdomslag er nynorsk.

Ideelle kvalifikasjonar:

- Erfaring med å drive prosjekt, informasjonsarbeid og arrangementsplanlegging.
- Engasjement for lokalt kulturliv.
- Erfaring frå drift og aktivitet i lokallag og/eller forsamlingshus.
- Gode formidlingsevner, både skriftleg og munnleg.



- Erfaring med og kunnskap om bruken av relevante dataverktøy (PowerPoint, Excel, databaseverktøy, publisering på nett).
- Minimum treårig høgare utdanning eller relevant realkompetanse.
- Søkjaren må ha sertifikat og disponere eigen bil.
- Personlege eigenskapar vil bli tillagt vekt.

Vi tilbyr:

- Fleksibel arbeidstidsordning og løn etter kvalifikasjonar.
- Sjølvstendige og utfordrande arbeidsoppgåver.
- Reiseverksemd og kveld- og helgearbeid må påreknast.
- Administrative oppgåver i stillinga må løysast frå heimekontor.

Søknad med CV sendast til christoffer@ungdomslag.no innan 20. mai.

For meir informasjon om stillinga, ta kontakt med leiar i Sogn og Fjordane Ungdomslag Hildegunn R. Gjelsvik, tlf. 48 22 56 25 eller Christoffer Knagenhjelm, tlf. 48 00 48 17.